Denne årsmeldinga viser kva Samarbeidsrådet har arbeida med i 2020.


Gro Jensen Gjerde og Tora Haslum Myklebust

Dagleg leiar våren 2020 Dagleg leiar hausten 2020





- Samferdsle
- Infrastruktur
- Kompetanse
- Bulyst
- Regional utvikling
- Næringsutvikling
- Helse
- Klima og miljø
- Reiseliv
- Samarbeidsrådet i tal og fakta
- Tankar om framtida



SAMFERDSLE

Arbeidet med å betra samferdsleløysingane internt i regionen og mot omverda er eit viktig fokusområde for Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Me har i året som har gått vore ein aktiv pådrivar for å sikra felles regionale prioriteringar innanfor sektoren, og har arbeidd med å utvikla gode samarbeidsprosjekt med fylkeskommunen, naboregionane og næringslivet.

Samferdsle-prosjekt er langvarig arbeid, og det har vore viktig å heile tida vera proaktive og ta dei aksjonane som er naudsynte. I 2020 har det vore særskilt viktig at regionen har nådd fram med dei viktigaste samferdselsprosjekta våre inn mot arbeidet med ny Nasjonal Transportplan 2022 – 2033.

Ferjefri E39

Realisering av ein ferjefri kyststamveg E39 er ei sentral arbeidsoppgåve for Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Det handlar om realisering og oppstart av E39 Hordfast i første fireårsperiode av NTP, samt å sikra finansiering av planlegging og oppstart av E39 frå Bokn til Ådland i NTP.

Det blei ei utfordring våren 2020 då fylkespolitikarane i Vestland ikkje ville prioritere ferjefri E39 i si innstilling til ny NTP. Det skapte sterke reaksjonar i fleire av kommunane i Sunnhordland, og gjennom felles innsats, klarte me å få ønsket om ein ferjefri E39 inn att i fylkesinget si innstilling, men då utan at Hordfast vart nemnt konkret.

Hordfast er eit av dei mest samfunnsøkonomiske samferdselsprosjekta i landet, og vort anbefalt med topp prioritet av Statens Vegvesen. Eit samla næringsliv i regionen vår treng

ferjefri E39 gjennom Hordfast meir enn nokon gong. Samarbeidsrådet for Sunnhordland har starta eit strategiarbeid for å sikra Hordfast inn i NTP, og Tysnes-ordførar Kåre Martin Kleppe har vore ein god talsmann for vår felles sak. Me har hatt aktiv dialog med Statens Vegvesen, samferdsledepartementet, fylkes- og stortingspolitikarar, og vore til stades på alle relevante arenaer der dette har vore eit tema.

Kommunikasjonsmessig har det vore viktig å få fram samfunnsnytta ved bygging av Hordfast, at ulike prosjekt i Hordaland ikkje må setjast opp imot kvarandre, at Hordfast-traseen no er satt, at Hordfast vil føra til reduksjon i klimagassutslepp og energibruk, og at Sunnhordland har teknologi og kompetanse som må nyttast i utvikling og bygging av bruene over Langenuen og Bjørnafjorden.

E134

E134 Haukelivegen er den viktigaste aust – vest korridoren, og ei utbetring av denne vegen vil gi raskare, rimelegare og tryggare transport, i tillegg til at regulariteten aukar, og det vort mindre klimautslepp. For oss er det eit mål at E134 over Haukeifjell handsamast som eitt prosjekt, både i planarbeidet og økonomisk.

Det er avgjerande at prosjekta over Haukeifjell får byggestart i første planperiode og blir ferdigstilte i løpet av NTP-perioden. Me har i 2020 arbeida aktivt for å få ny tunnel mellom Røldal - Seljestad inn som første byggetrinn i ny NTP, med oppstart 2023. Transportnæringa har utfordringar på strekningen Bakka - Solheim i Etne, og det er viktig å få ein utbetring inn i NTP. Ein KVU-arm til Bergen er også viktig.

Her er me samstemde og arbeider godt i lag med Haugaland Vekst IKS. Saman med ordførar i Etne har me hatt møte med samferdsleministeren.






Fylkesvegnettet og ferjesamband

Me har hatt møte med samferdsleutvalet og politisk leiing i fylkeskommunen, og har særleg fokusert på ferjesambanda som ein del av fylkesvegnettet. I innspelet vårt til regional transportplan 2022-2033 har me og presisert at ferjeprogrammet må tydeleggjerast i planprogrammet. Innan ferjeavløysing er ein realitet, er regionen avhengige av seinare avgangar i Sunnhordlandsbassengeit. Dette vil gjere det mogleg for innbyggjarane å nytta seg av kulturtilbod og anna i regionen. Me har og arbeida for å sikra midlar til rassikring av fylkesvegnettet, særleg for fylkesveg 48 i Kvinnherad og Etne.

Bømlo fiskerihamn

Bømlo kommune er ein av dei største fiskerikommunane i regionen, og har dei siste åra opplevd stor optimisme med auke i talet på fartøy og medlemmer i Fiskarlaget. Det har vore viktig for Samarbeidsrådet for Sunnhordland å arbeida for at Vestland fylkeskommune kan stilla forskotteringsgaranti for utbygginga av fiskerihamna. Dette kom på plass i 2020, og vert og viktig for leverandørar av varer og tenester til hamna, samstundes som det vil gje nye arbeidsplassar knytt til hamna.




INFRASTRUKTUR

Fiber og energi

Samarbeidsrådet meiner god tilgang til energi og fiber er avgjerande for å vera ein attraktiv næringsregion, og det er derfor viktig at regionen får ei god tilkopling mot stammettet og er ein aktiv aktør her.

Vestlandscenariene 2020 viste at nettverkskapasiteten i Vestland er en reell barriere for næringsutvikling.

Samarbeidsrådet har sett i gang arbeidet med å auka kunnskapen om prosessar knytt til etablering av eit overordna nett på fiber og kraft, samt nærings sine faktiske behov. Me har vore opptekne av samkjøring mellom aktørane og å ta ei aktiv rolle for å sikra Sunnhordland sine interesser opp mot planlagde nye overføringslinjer, samt vere pådrivar der det står i stampe.



KOMPETANSE

Sunnhordland har gjennom fleire tiår bygd opp ein industrikompetanse innan maritim verksemd og olje- og gass som vert etterspurt i prosjekt over heile verda. Marknaden er globalisert, og ein opplever større konkurranse frå utlandet og auka prispress. Dette fører til ein markant endring i kompetansesstrukturen i Industrien.


Overordna har det skjedd ei dreining i behovet frå bygging til ingenørarbeid. Dette gjer at bedriftene står ovanfor store utfordringar i høve til å rekruttere ingenørar.

Høgskulen på Vestlandet er ein viktig aktør for innovasjon og framtidig verdiskaping på Vestlandet. HVL utviklar utdanningane og profesjonane med mål om å bidra til berekraftig utvikling og kunne sjå utdannings- og kompetansebehova i vestlandsregionen under eitt. Samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor skal ha tilgang på relevant, internasjonal og framtidssretta

kunnskap som bidreg til regional utvikling og innovasjon. For å lukkast med dette, må kommunar og næringsliv bli betre kjende med dei mogleghetene som ligg i Høgskulen.

Vestland fylkeskommune har vedteke «Regional plan for kompetanse og arbeidskraft», der regionale team står for oppfølging av planen. Samarbeidsrådet har fungert som sekretariat for Sunnhordland sitt kompetansesteam.

I fleire fag kan mangel på lærlingplassar vera ein flaskehals. Saman med næringsliv, organisasjonar og HVL har me kartlagt lærlingebehovet i regionen, og arbeidd for å sikra finansiering av teknisk fagskule og ingenjørutdanning i regionen. Dette er no på plass for den tekniske fagskulen, og i tillegg har Stord-modellen ført til auka rekruttering til ingenjørutdanninga.



Samarbeidsrådet er ein sentral regional utviklingsaktør og eit politisk samarbeidsorgan som driv aktiv påverknad for å sikra regionen og den einstkilde kommune sine interesser i regionale og nasjonale spørsmål.

Frå 2020 vart Hordaland og Sogn og Fjordane slått saman til det nye Vestland fylke. Samarbeidsrådet har arbeidd langsiktig for å få fleire funksjonar i nye Vestland lagt til Sunnhordland, særleg ein avdeling for næring, men og funksjonar knytt til samferdsel og kompetanse. Dette har me så langt ikkje lukkast med.

Me har difor vore opptekne av å synleggjera at Sunnhordland er eit kraftsenter i Vestland. Det må byggjast gode alliansar med dei andre regionane ikring oss.

Noko av det korona-pandemien har vist oss, er at folk kan arbeida kor som helst. Vårt arbeid med å tiltrekka oss nye funksjonar held fram. Me har vore opptekne av å tenkja større, og sjå på felles bu og arbeidsmarknader. Me har framleis eit håp om å få Rogaland med som ein del av Vestland. Haugesund er positive, men er avhengige av at fleire kommunar på Haugalandet vert med.

Samarbeidsrådet har hatt fokus på å byggja strategiske alliansar, og har mellom anna innleia eit endå tettare samarbeid med dei andre regionråda i Vestland og på Haugalandet. Me ser at dette vil føra mykje godt med seg, og me har og eit mål om å få «nye» Bjørnefjord kommune med som observatør i Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Vurderer fylkesflytting

Det at fylkestinget i nye Vestland i så liten grad viste omsyn til dei sterke behova i Sunnhordland, mellom anna ved å la vere å leggja funksjonar til regionen og gjennom å ikkje prioritere Hordfast inn mot ny NTP, førte til at fleire kommunar no vurderer å melda fylkesflytting til Rogaland. Dette har sjølvstøtt blitt lagt godt merke til hos leiinga i Vestland fylke. Samarbeidsrådet for Sunnhordland har tatt initiativ til ein tett dialog med fylkeskommune, og ein konkluderte i 2020 med å la det gå eit år i den nye fylkeskommunen, før Samarbeidsrådet for Sunnhordland eventuelt starta vurdering og prosess med fylkesflytting.



HELSE

Helse Fonna gir helsetenester til ei befolkning på over 170 000 personar i 19 kommunar på Haugalandet, Sunnhordland og delar av Hardanger. Helse Fonna omfattar fire sjukehus og fire distriktpsikiatriske senter (DPS); Haugesund sjukehus, Stord sjukehus, Odda sjukehus og Valen sjukehus, Folgefonn DPS, Haugaland DPS, Karmøy DPS og Stord DPS. Alle kommunane i Sunnhordland, utanom Austevoll, høyrer til Helse Fonna.

Som oppfølging av Nasjonal Sjukehusplan er det utarbeidd ein utviklingsplan for Helse Fonna. Formålet med planen er å leggja til rette for god og framidsretta pasientbehandling og god bruk av ressursar for å skapa pasienten si helseteneste. Planen legg opp til eit godt samarbeid på tvers av sjukehus og andre aktørar, og god samhandling med kommunane.

For innbyggjarane i Sunnhordland er rammene for Valen sjukehus, Stord sjukehus og reumatismesjukehuset i Haugesund svært viktige. Samarbeidsrådet har hatt tett dialog med Helse Fonna for å styrka spesialisttilbodet på Stord og Valen sjukehus, me har utvikla samarbeidsavtaler på viktige områder, og hatt fokus på beredskap og omdømet av sjukehusa. Me har og arbeida for stabile rammevilkår for Reumatismesjukehuset i Haugesund.

Helse- og omsorgssektoren står overfor store oppgåver framover med auke i antal eldre og større kompleksitet i oppgåveløysinga. Helse- og omsorgstenestene i framtida skal utviklast i lag med pasientane, brukarane og deira pårørande.


Samarbeidsrådet har vore sentrale i opstarten av prosjektet «Morgondagens omsorg» mellom kommunane Stord, Sveio og Karmøy. Morgondagens omsorgsteneste skal leggja til rette for at brukarane i større grad blir ein ressurs i eige liv, at innbyggjarane i lokalsamfunnet vert mobile på nye måtar, og at dei blir ressursar for kvarandre.

Forenkling, fornying og forbedring av offentleg sektor er eitt av regjeringa sine viktigaste satsingsområde. Ein forutsetnad for fornying og nyskaping i omsorgssektoren er kommunal handlefriheit til å utvikla fag, leiling, ny teknologi og nye organisasjonsformer. Velferdsteknologi vil verte ein viktig ressurs for brukarane og gi dei betre moglegheiter til å meistra kvardagen sjølv, og for at ressursane hos ideelle og frivillege organisasjonar vert vidareutvikla og brukt på nye måtar.

Dei nye løysingane frå «Morgondagen omsorg» skal bidra til å skapa ei helse- og omsorgsteneste som bidreg til at kvar enkelt tenestemottakar får større innverknad over eigen kvardag, auka valfridom og betre høve til å leva eit aktivt og godt liv i fellesskap med andre. Situasjonen til pårørande skal styrkast gjennom betre tilbod om avlasting, støtte og fagleg rettleiing.

Samarbeidsrådet har i lag med kommunane hatt fleire møte med Helse Fonna.





NÆRINGSUTVIKLING

Sunnhordland er ein region der industrien er svært viktig for sysselsetjing og verdiskaping. Regionen har stor tyngde innan offshore, skip og skipsutstyr, havbruk og prosessindustri.

Ein konkurransedyktig industri vil vera avgjerande for vidareutvikling av Sunnhordland.

Samarbeidsrådet er ein sentral aktør som bindeledd mellom næring og mynde, og me er heile tida opptekne av å ha god dialog med arbeidslivet. Pandemien har diverre gjort det vanskeleg å leggja møtene våre til bedrifter i regionen, slik me har hatt for vane tidlegare.

Statistikken syner at det frå 2004 har vore ein sterk nedgang i statlege arbeidsplassar i distrikta. Det er no eit auka fokus på utflytting av statlege institusjonar, og Sunnhordland må vera proaktive for å vera med vurderinga for lokasjonar. Gjennom statlege organiseringar har Sunnhordland mista statlege arbeidsplassar. Samarbeidsrådet arbeider difor for å sikra dei som er att, og me har brukt året på å kartleggja kva kompetansefortrinn regionen har i høve til dei arbeidsplassane som det er planlagt at skal flyttast ut.

Samarbeidsrådet har hatt fokus på å sikra at eit nytt fengsel vert lagt til Sveio, og arbeider vidare med dette. Dei statlege arbeidsplassane i Sandeid har vorte viktige for oss, me har arbeid for å få datalagring til Grøn Næringspark i Kvinnherad og for å ivareta dei statlege arbeidsplassane i ینگretten i Sunnhordland. Her har me samarbeidd godt med Hardangerrådet om å få ei samla leing av Hardanger og Sunnhordland ینگrett med sorenskrivar attende på Stord.


Saman med Haugaland Vekst IKS bestilte Samarbeidsrådet i 2020 ei ringverknadsanalyse frå Menon Economics knytt til utbygging og drift av to storskala flytande havvindparker ved Utsira Nord. Analysen viste at utbygginga kan gi ei verdiskaping på 13 milliardar og arbeid til 12 000 personar. 6500 av desse kan bli å finna på Haugalandet og Sunnhordland.

Rapporten viste svært store moglegheiter for både nasjonal og regional leveranderindustri innanfor den maritime klynga. Det er spesielt viktig for den sterke maritime regionen mellom Boknafjorden og Bjørnefjorden å posisjonera seg for ei ny stor og berekraftig industriutvikling i havrommet.

Samarbeidsrådet har og vore opptekne av at verne- og kystsoneplan må sjåast i samanheng med regionen sitt behov for utvikling og vekst.

I 2015 oppretta Hordaland fylkeskommune ei ordning med tre regionale etablerarfond. Samarbeidsrådet er forvaltar for etablerarfondet i Sunnhordland, og fekk i 2020 ein halv million kroner frå fylkeskommunen til fordeling til ulike nyetableringar. Mottakarar av stønaden var Comino på Stord, Yoga Austevoll, Ørjan Johannessen på Austevoll, Madeleine Agdestein på Stord, Nina Matre i Sveio, Bakstehuset på Spissøy på Bømlo, Valhal løftebukk i Kvinnherad, Tysnes Hjørtefarm, Bifrost Tug på Stord, Norwegian Fjord Cruises på Tysnes og Panter på Bømlo.





KLIMA OG MILJØ

Merkeordninga «Merket for berekraftig reisemål» består av ein standard som skal svarast ut og dokumenterast, samt ein arbeidsprosess med tilhøyrande hjelpemiddel inkludert i ein database for registrering og dokumentasjon.

Som ein del av dette arbeidet har kommunane vedteke å satsa på miljøsertifisering. Samarbeidsrådet for Sunnhordland sitt kontor vart miljøfyrtårnsertifisert i 2019, mens det blant kommunane i regionen berre er Stord kommune som har vore miljøfyrtårnsertifisert.

Jon Eirik Kvalnes i Stord kommune er prosjektleiar for arbeidet, og 2020 har gått med til å sikra framdrift i prosjektet med mål om at flest mogleg av kommunane skulle sertifiserast innan utgangen av juni. Med bakgrunn i ulike årsaker for dei enkelte kommunane, blei det søkt om utsett frist til 2021 for sertifisering. Målet er at alle åtte kommunane i Sunnhordland er ferdig sertifisert innan juni 2021.

Samarbeidsrådet har sett seg som mål å rigga eit prosjekt mot forseppling i Sunnhordland. Ressursgruppa består av sentrale aktørar med kompetanse innan fagfellet, og som ynskjer å ta ansvar for utarbeiding av ein strategi og handlingsplan mot forseppling i Sunnhordland.

I regionen føregar det mykje godt arbeid med rydding, særleg i strandsona. Prosjektet er ikkje tenkt som ei erstatning for dette gode arbeidet.

Gjennom stiftinga «Hold Norge Rent» har gruppa fått god informasjon og gode kontaktar for vidare arbeid. Det må i Sunnhordland gjennomførast ei kartlegging med fokus på


kva som alt er på plass for å finna kor det er behov for å seija i verk tiltak. I tillegg skal arbeidet ha søkelys på haldningar.

Arbeidet skal ha eit langsiktig perspektiv, og me har i 2020 arbeida med strategi og handlingsplan mot forseppling i regionen vår, og søkt om finansiering av arbeidet. Prosjektet fekk ikkje innvilga midlar i 2020, og Samarbeidsrådet for Sunnhordland har ikkje tatt stilling til korleis prosjektet skal takast vidare inn i 2021.

Berekraftig reisemål

Berekraft skal visa igjen på alle område som Samarbeidsrådet arbeider med, og blir ein stadig viktigare del av praksis og omdømearbeid for regionen. Reisemål med gjennomførte miljø- eller berekraftssertifiseringar vert i aukande grad etterspurd blandt dei store aktørane i reiselivet. Dette gjeld særskilt for utanlandske turistar, men og for nordmenn. Sunnhordland tek dette på alvor gjennom Innovasjon Norge si sertifiseringsordning «Bærekraftig Reisemål» basert på FN's 10 prinsipp for berekraft i destinasjonar. Arbeidet består av ein standard som skal gjevast status for og dokumenterast med planverk og ei rekke brukarundersøkingar. Dette gjeld både offentleg forvalting, privat næringsliv og innbyggjarane i Sunnhordland. Brynjar Stautland er prosjektleiar og gjennomfører sertifiseringa i samarbeid med staben ved S.rådet. Eitt av dei over 100 kriteria som skal svarast for gjeld miljøsertifisering av kommuneadministrasjonane, eit stort arbeid for Sunnhordlands del som difor vert drive parallelt av prosjektleiar Jon Eirik Kvalheim.

Målet er at Sunnhordland skal vera sertifisert ultimo juni 2021. Reisemålet må vise til forbetring av berekraftsnivået ved re-merking kvart 3. år. Medlemmer av Visit Sunnhordland kan bruke Berekraftig Reisemål-Hogoen i si marknadsføring når status er gjeven.



REISELIV - VISIT SUNNHORDLAND

Hovudoppgåvene i reiselivsarbeidet i Sunnhordland er marknadsføring og informasjon, produktutviklingsprosjekt og kontakt med kommunar, bedrifter og andre. Reiselsbransjen høyrer til dei næringane om har vore hardest råka av pandemien, noko som har gitt nye behov og eit litt anna fokus i vårt arbeid.

PRODUKTUTVIKLING

Før koronaen stengde landet ned i mars 2020, hadde Visit Sunnhordland starta eit prosjekt for deltakar driven produktutvikling. Målet har vore å få næringa til å ta eigarskap til utvikling av reiselivsproduktet sitt i eit berekraftig perspektiv, og sjølv delta i produktutviklinga. Me arrangerte ein første workshop i februar, der målet var å få inn eksterne aktørar som busselskap, hotell, restaurantar og aktørar med fokus på opplevingar, og å kople dei saman på ein måte som gjer det mogleg å tilby gode pakkeløysingar.

Sunnhordland har lange tradisjonar innan båtturisme, og spennvidda av hamner er stor, med alt frå hamner med topp tenestetilbod til dei flottaste frihamner naturen kan by på. Visit Sunnhordland har fått 360 000 kroner frå fylkeskommunen for å leggja betre til rette digitalt for båtturistane under fana: «Det finst ei hamn». Her kan ein oppdatere seg på kor ein kan ankra og bunkra, og få informasjon om kulturtilbod og opplevingar i helle Sunnhordland.

PROFILERING AV SUNNHORDLAND


Visit Sunnhordland har jobba aktivt med historieføreljing i sosiale medium og fått vist regionen godt fram gjennom engasjerande innlegg med flotte bilete frå alle kommunane. Dette treff folk, og kontoane har fått fleire nye følgjarar og auka engasjement det siste året. Sunnhordland opplevde eit oppsving av besøkande på sommeren, noko som var viktig i og med at skuldresongane vart såpass prega av pandemien. I arbeidet vidare vert det fokus på Sunnhordland som heilårsregion.

Visit Sunnhordland har óg bygd merkevare gjennom tv-programma «Culinary Vikings» på Matkanalen. Programma ga eit bilete av kvardagslivet i vikingtida, med alt frå påkledding og levestett til førebuing av berekraftig mat.

BETRING AV LOGISTIKK

Reiselivsnæringa i Sunnhordland har vore ei tydeleg røyst i høve til å betre samferdsletilbodet i regionen. Mangel på ferjeavgangar gjer at næringa slit. Siste ferjeavgang i helgene er på nokre av strekningane så tidleg som kl. 21.30. Dette gjer at kulturprogram ikkje er tilgjengeleg for alle som ynskjer å delta. Reiselivet sitt potensial på snøggbåtruta mellom Bergen og Sunnhordland, og internt i regionen, er ikkje utnytta godt nok, noko som og er pelka på i eit eige vedtak i fylkesutvalet. Dette jobbaast det vidare med.






GEOPARK SUNNHORLAND

Øyniket, fjorden og fjella i Sunnhordland byr på geologisk arv og kultur av særskilt verdi for verda, og fekk i 2018 status som Norsk Geopark. Men me siktar høgare. Korleis sunnhordlandingane har nytta sitt landskap og berggrunn frå steinalder til oljealder, er ifølge det arkeologiske- og geologiske fagmiljøa av internasjonal verdi og vertt UNESCO-status. Saman med fagmiljøa ved Universitetet i Bergen og Norges Geologiske Undersøkelser har me førebudd arbeidet med søknad om opptak i UNESCO Global Geopark Network. UNESCO Global Geopark-logoen inneber ikkje fredning, men gjev Sunnhordland både internasjonal og nasjonal stadfesting som eit reisemål verd å vitje. Statusen vert ein sterk markør av Sunnhordlandsregionen i Vestland fylke, og skal gje skulelevane i regionen både kunnskap og begeistring om egne kultur- og naturverdiar. Geoparken er med Moster Amfi, Folgefonnsenteret, Steinparken i Rosendal og Sunnhordland Museum svært godt utstyrt med besøksenter for fastbuande og tilreisande.

Me har arbeidd med å forankra Geopark Sunnhordland hos medlemmer i dei verdikjedene som kan ha nytte av parken. Nettside for Geoparken blei lansert våren 2020, det blei utarbeidd undervisningsopplegg for skuleverket, eigen skiltplan samt plan for informasjon i portalane og spesielt hovudportalen Moster Amfi. Samarbeidet med HVL og UIB blei vidareutvikla og det blei arbeidd med tiltaksfinansiering.

TETTARE PÅ VERDIKJEDA

Nedstenginga har ført til nye måtar å arbeida på, og gitt andre fokusområde enn først tenkt. Det har like fullt gitt oss ein del nye moglegheiter. Visit Sunnhordland har jobba tett i lag med dei andre destinasjonsselskapa i dei tre fylka som utgjer Fjord Norge, både i regi av Fjord Norge, men og åleine eller saman med Vestland Fylkeskommune. Me har og hatt tettare kontakt med Visit Norway, gjennom møte og involvering. Mandatet til Fjord Norge endra seg raskt frå å fokusera på utanlandske turistar til å jobba mot nordmenn heime i Noreg. Me har hatt møter kvar veke, både mellom destinasjonssjefane og dei marknadsrådsansvarlege. Slik har me på mange vis kome nærare verdikjeda. Dette er noko me vil halda fram med.



SAMARBEIDSRÅDET I TAL OG FAKTA

ØKONOMI

Finansinntekter/utgifter

Inntektene i 2020 er på kr. 4 532 327,- inkludert renteinntekter. Kostnadene i 2020 er på kr. 4 368 277,-. Dette gjev eit overskot på kr. 164 050,-.

Eigendelane er på kr. 4 325 281,-.

Av dette er egenkapitalen på kr. 1 878 633,-.

Rekneskapen er sett opp med føresetnad om fortsatt drift, og styret stadfester at føresetnaden er til stades.

Rekneskapsfører og revisor

Samarbeidsrådet har kjøpt rekneskapstenester hjå ECIT Stord AS. RSM Norge AS har revidert rekneskapen og årsavslutninga.

ORGANISASJON

Administrasjon

Gro Jensen Gjerde, dagleg leiar (100%). Gjekk av med pensjon 1. august 2020.

Tora Haslum Myklebust, dagleg leiar (100%). Starta 1. juni, og overtok som dagleg leiar 22. juni 2020.

Reidun Rykkje, nesiteiar (80%). Slutta 1. august 2020.


Anne Almås Tranøy, controller (80%) t.o.m juli 2020, frå august 2020 controller/rådgjevar (100%).

Bodill Haga, fungerande reiselivsansvarleg (100%). Midlertidig tilsett.

Kristina Bergesen, vikariat reiseliv og omdømeprosjekt (50%), frå 10. august 2020. Midlertidig tilsett.

Brynjar Stautland, prosjektleiar Geopark Sunnhordland (50%) Berekraftig reisemål (50%).





Arbeidsmiljø

Det er eit godt arbeidsmiljø i administrasjonen og mellom styre og administrasjon.

Ytre miljø

Verksamda påverkar ikkje det ytre miljø.

Likestilling

Det er 5 kvinner og 1 mann i administrasjonen. I styret har det i 2020 vore 2 kvinner og 1 mann.

Lokalitetar

Administrasjonen i Samarbeidsrådet for Sunnhordland leiger i Risangården, Borggata 57 på Leinvik, Stord.

Styresamansetnad 2020

Ordfører Morten Storebø, Austevoll kommune, leiar


Ordfører Mette Heidi Bergsvåg Ekrrheim, Etne kommune, nestleiar

Ordfører Linn Therese Erve, Sveio kommune, medlem

Ordfører Sammy Olsen, Bømlo kommune, varamedlem

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Samarbeidsrådet består av ordførarar og rådmenn/kommunedirektørar i Sunnhordland. Ordførar og rådmann i Haugesund, Vindafjord kommunar er observatørar. Då Fusa kommune tidlegare var observatør er no Bjørnafjorden kommune invitert med som observatør. Denne invitasjonen er det ikkje kome svar på enno.



Morten Storebø
Styrelleiar

Mette Heidi Bergsvåg Ekrrheim
Nestleiar

Linn Therese Erve
Medlem





TANKAR OM FRAMTIDA

Det meste av det Samarbeidsrådet arbeidar med, er lange prosessar, og det meste av det me har jobba med i 2020 held fram og i 2021.

Me vil mellom anna vera proaktive for å fremja regionen sine samferdsleinteresser heilt fram til ny Nasjonal Transportplan vert lagt fram for påske. Hordfast må inn i første fireårsperiode, me skal jobba for at flest mogleg tilførselsveggar til E39 vert klassifiserte som overordna og me må få avkorta reisetida mellom Stord og Kvinnherad. Oppgraderinga av Haukelitunnelane på E134 må framskyndast, slik det vart lagt opp til i noverande NTP. Satsinga på "Busseen i Sunnhordlandsbassenget" skal sjå på nye moglegheiter for eit betre snøggåttilbod mellom Kvinnherad-Etne-Stord, mens me held fram med å arbeida for auka frekvens og opningstider på ferjesambanda.

Me treng å få auka kunnskapen om prosessar knytt til etablering av overordna nett på fiber og kraft, samt næringa sine behov. Med bakgrunn i det grønne teknologiskiftet, er det forventet eit auka behov i nettkapasiteten i framtida, og dette må kartleggjast. Gjennom å forsera nettkapasitetsbarrieren vil me kunna auka attraktiviteten vår for nyetableringar frå nasjonale og internasjonale lokomotiv.

Samarbeidsrådet arbeidar vidare for å fremja Sunnhordland som eit kraftsenter i Vestland og for at område innan næring vert lagt til Sunnhordland. Erfaringa syner at dei statlege tenesteytingane er under press og at desse ikkje er i samsvar med organiseringa i den nye regionreforma. Me vil ha fokus på dei statlege omorganiseringane, og kartleggja kva etatar som skal flyttaast ut til distrikta og gjera vurderingar og tiltak for etablering i


Sunnhordland. Konkret blir det viktig å sikra dei statlege arbeidsplassane i Sandeid, arbeida for at eit nytt høgriskolefengsel på Vestlandet vert etablert i Sveio, og støtta opp om arbeidet med etablering av anlegg for datalegring i Kvinnherad.

Me ser at det bli viktig å styrka kompetansen innanfor yrkesfag i åra framover, og vil arbeida for ulike tiltak som kan bidra til å auka rekrutteringa til dei ulike yrkesfaga. Eit endå tettare samarbeid med Høgskulen på Vestlandet blir og viktig.

Innan næringsutvikling blir havvind svært viktig for Sunnhordland i åra framover. Me har gode forutsetnader med tanke på geografi og kompetanse, og arbeidar godt i lag med Haugalandet for å posisjonera oss som havvind-regionen i Noreg. Havområdet Utsira Nord vart i 2020 åpna for industrialisering av flytande havvind, eit prosjekt som aleine vil kunna sysselsetja 12 000 nasjonalt – med halvparten av arbeidsplassane på Haugalandet og i Sunnhordland, i følge analysar frå Menon Economics. Det vert og viktig å vidareføra arbeidet med «Bu i Sunnhordland» og det gode samarbeidet med Atheno og resten av næringslivet, mellom anna ved å leggja møtene våre til bedrifter i kommunane så snart situasjonen tillet det. Me vil arbeida vidare for å gj havbruksnæringa i regionen gode kår, og mellom anna støtta opp om det neste store steget i å vidareutvikla den havbaserte nærings- og kompetansekynga i Austevoll, satsinga «Blått kompetansesenter».

Me står sterka i lag, og eit tettare samarbeid med regionen på Haugalandet blir viktig i fortsettjaga. I løpet av 2021 skal me og vurdere om det er føremålstuleg å starta ein prosess for fylkesflytting frå Vestland til Rogaland for fleire av eigarkommunane våre.





T: 412 17 024

E: firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no

W: www.samarbeidsraadet-sunnhordland.no

